



Gol kommune

Arkivsak-dok. 18/03630-102
Saksbehandler Sander Lilleslett

Saksgang
Formannskapet /Kommuneplanutvalet

REVISJON KOMMUNEPLANENS AREALDEL - GROVSILING AV INNSPEL

Saka vert avgjort av:

Formannskapet/Kommuneplanutvalet

Vedlegg:

- Overordna føringar, datert 17.01.2019
- Planprogram, datert 19.02.2019
- Innspel som er silt bort eller delvis silt bort:
 - Vermeli, 31/7, datert 10.04.2019
 - Lauvsjø, 35/12 (fjerna delar av innspel), datert 10.04.2019
 - Auenhauglie, 25/367 B, datert 23.04.2019
 - Auenhauglie, 25/367 A, datert 23.04.2019
 - Auenhauglie, 27/25 (fjerna delar av innspel), datert 23.04.2019
 - Auenhauglie, 37/28, datert 23.04.2019
 - Skrøyvestølane – F2, datert 21.04.2019
 - Einarset, 24/9, datert 15.04.2019
 - Storefjellstølen, 24/46 nr. 1, datert 21.04.2019
 - Skutuset, 24/46 nr. 2, datert 21.04.2019
 - Kamben, 12/1, datert 23.04.2019
 - Ørterstølen, 13/3, datert 23.04.2019
 - Bualie, 13/20 (fjerna delar av innspel), datert 19.12.2018
 - Guriset, 13/265 fritid (fjerna delar av innspel), datert 23.04.2019
 - Oset, 23/11 (fjerna delar av innspel), datert 11.04.2019
 - Furuhyttremmen, 13/17 (fjerna delar av innspel), datert 10.04.2019
 - Vardhovd-Nystølfjellet, 4/136, datert 22.04.2019
 - Habbeset, 20/8 og 20/9, datert 23.04.2019
 - Narveset (fl. gbnr.), datert 25.04.2019
 - Rauddalen (fl. gbnr.) (fjerna delar av innspel), datert 12.04.2019
 - Urdevollen, 1/13, datert 23.04.2019
- Forseintkomne innspel:
 - Brennplassvegen, 5/26, datert 12.06.2019
 - Smøget, 9/34, datert 19.06.2019

- Øygdane, 41/70, datert 05.09.2019
- Skaga, 23/6 og 23/105, datert 19.09.2019
- Granheim, 50/2 og 50/3, datert 09.10.2019
- Grovsilingsdokument, datert 15.10.2019
- Liste over innspel, datert 10.10.2019
- Kartgrunnlag frå NIBIO over bortsilte innspel, datert 15.10.2019

Ta gjerne kontakt med administrasjonen eller sekretariatet dersom det skulle vere behov for innsyn i dokument eller om det skulle vere spørsmål til saka. Dette gjeld også om det er ønske om å få dokument utdelt i papir. Dersom spørsmål om saken kjem i forkant av møtet kan administrasjonen førebu seg og gi betre svar i møtet.

Dokument i saka:

1. Overordna føringar, datert 17.01.2019
2. Planprogram, datert 19.02.2019
3. Alle innspel
4. Innspel som er silt bort eller delvis silt bort:
 - a. Vermeli, 31/7
 - b. Lauvsjø, 35/12 (fjerna delar av innspel)
 - c. Auenhauglie, 25/367 B
 - d. Auenhauglie, 25/367 A
 - e. Auenhauglie 27/25 (fjerna delar av innspel)
 - f. Auenhauglie, 37/28
 - g. Skrøyvestølane – F2
 - h. Einarset 24/9
 - i. Storefjellstølen, 24/46 nr. 1
 - j. Skutuset, 24/46 nr. 2
 - k. Kamben, 12/1
 - l. Ørterstølen, 13/3
 - m. Bualie, 13/20 (fjerna delar av innspel)
 - n. Guriset, 13/265 fritid (fjerna delar av innspel)
 - o. Oset, 23/11 (fjerna delar av innspel)
 - p. Furuhyttremmen, 13/17
 - q. Vardhovd-Nystølfjellet, 4/136
 - r. Habbeset, 20/8 og 20/9
 - s. Narveset (fl. gbnr.)
 - t. Rauddalen (fl. gbnr.) (fjerna delar av innspel)
 - u. Urdevollen, 1/13
2. Forseintkomne innspel:
 - a. Brennlassvegen, 5/26, datert 12.06.2019
 - b. Smøget, 9/34, datert 19.06.2019
 - c. Øygdane, 41/70, datert 05.09.2019
 - d. Skaga, 23/6 og 23/105, datert 19.09.2019
 - e. Granheim, 50/2 og 50/3, datert 09.10.2019
3. Grovsilingsdokument av bortsilte dokument
4. Kommuneplanens arealdel for Gol kommune 2011-2023, datert 06.09.2011
 - a. Plankart

b. Føresegner

5. Kommuneplanens samfunnsdel 2018-2030, datert 12.06.2018
6. Opplegg for konsekvensutgreiing
7. Arealrekneskap fritidsbustader og tomtereserver
8. Liste over innspel
9. Kartgrunnlag frå NIBIO over bortsilte innspel

Saksopplysningar:

Kommuneplanens arealdel for Gol er under revidering. Overordna føringar som skal danne grunnlag for planarbeidet vart vedteke i Formannskapet 17.01.2019 som sak 3/19. Planprogram vart vedteke i kommunestyret 19.02.2019 som sak 8/19. Frist for innspel til kommuneplanens arealdel var 23.04.2019. Totalt er det registrert 59 arealinnspel og 2 andre innspel. Veldig grovt estimert er innspela av eit omfang på om lag 7000 dekar og 1250 nye einingar. Det er viktig å presisere at dette ikkje er nøyaktige tal.

Dei overordna føringane som skal leggest til grunn under utarbeiding av kommuneplanen gir føringar for grovsiling/siling av innspel. Planprogrammet viser prosessen i planarbeidet med mellom anna framdriftsplan. Planarbeidet er per no i fase 2, utgreiing og planløyisingar.

Arbeidet som har vorte gjort no er ein grovsiling av alle innspela for å ta bort dei innspela som er i strid med overordna eller nasjonale føringar. Kunnskapsgrunnlaget til grovsilinga er bruk av kart frå naturbase som viser artar av nasjonal forvaltningsinteresse, vernområde, naturtypar, inngrepsfrie naturområde med 1 km buffersone, kulturminne og arealressursar. Det er nytta NIBIO sitt gardskart for å sjå markslag og dyrkbar jord. I tillegg er det nytta eksisterande kommuneplanens arealdel og faresonekart og aktsemdskart frå NVE.

Viser NIBIO sine kart dyrka mark eller innmarksbeite er dette nok til å sei nei til innspelet. Dersom det er dyrkbar jord blir dette nemnd i grovsilinga, men det er ikkje avgjerande for om eit innspel blir med vidare til konsekvensutgreiinga. I sjølve konsekvensutgreiinga vil ein ta nøyare stilling til om området er dyrkbart eller ikkje.

Om eit innspel er innanfor omsynssone for friluftsliv/bevaring naturmiljø (H530 og 560) eller omsyn friluftsliv, landskap/bevaring naturmiljø (H500 Markagrense) i dagens kommuneplan, er dette også nok til å sei nei til eit innspel. Det same gjeld om eit innspel ligg innanfor buffersona til inngrepsfrie naturområde i Norge (INON) på 1 km. Årsaken til at administrasjonen ønskjer å sei nei til innspel i denne buffersona er at INON-område er dei områda som ligg 1 km eller meir unna tyngre tekniske inngrep. Dersom ein bygger i buffersona vil ein forminske INON-området tilsvarande. Det kjem fram av planprogrammet at INON-område ikkje skal bli påverka av utbygging, noko som også kjem fram av regional plan for areal og transport i Buskerud. I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2015) står det at «Mange arealendringar som kvar for seg har små verknader, kan til saman redusere naturmangfaldet vesentleg og føre til at fleire artar og naturtypar blir truga». Det er difor viktig å oppretthalde buffersona på 1 km til INON-områda.

Når grovsilinga er ferdig skal resten av innspela konsekvensutgreiast. Konsekvensutgreiing er eit større arbeid der ein går nøyte gjennom alle innspela for å undersøke om dei kan eigne seg for utbygging, og kva konsekvensar innspela har for miljø og samfunn. For eksempel viser karta til NVE at ingen av innspela er utsett for ras, men enkelte innspel kan vere utsett

for flaum. Dette er typiske forhold å undersøke i konsekvensutgreiinga når ein skal gå meir inn i kvart enkelt innspel. Under konsekvensutgreiinga er det også naturleg å sjå heile kommunen under eitt for å sjå kva det er behov for eller ikkje er behov for.

Fem innspel kom inn etter fristen 23. april:

- Brennplassvegen, gbnr. 5/26, bustader. Innspel vart sendt inn 12.06.2019.
- Smøget, gbnr. 9/34, utviding masseuttak. Innspelet vart sendt inn 19.06.2019.
- Øygardane, gbnr. 41/70, reetablering av campingplass. Innspelet vart sendt inn 05.09.2019.
- Skaga, gbnr. 23/6 og 23/105, offentleg/privat tenesteyting. Innspelet for Skaga vart sendt inn 19.09.2019, men vart sendt i samråd med administrasjonen grunna at føremålet vil bli endra til den faktiske bruken.
- Granheim, 50/2 og 50/3, fritidsbustader. Innspelet vart sendt inn 09.10.2019.

Forhold til overordna plan:

Gjeldande plan er Kommuneplanens arealdel for Gol 2011-2023, vedteke i kommunestyret 06.09.2011 som sak 38/11. Gjeldande kommuneplan vil danne grunnlaget for revidering av kommuneplan, og mykje kan vidareførast. Jf. overordna føringar skal markagrensa og omsynssone friluftsliv/bevaring naturmiljø, vidareførast. Fortetting og utviding av eksisterande felt er fortrinnsvis eit prinsipp før bruk av jomfrueleg areal. Dyrka og dyrkbar mark skal vernast, og ein skal bevare stølar og stølsvollar. Ein skal legge beslag på minst mogleg areal til veg.

Miljøkonsekvensar:

Fleirtalet av innspela som er teke bort er teke bort grunna at dei ligg innanfor omsynssone friluftsliv/bevaring naturmiljø (H530 og 560) eller omsynssone friluftsliv, landskap/bevaring naturmiljø (H500 Markagrense). Innanfor begge desse omsynssonene skal ein ta omsyn til friluftsliv, landskap og naturmiljø, og utbygging i desse områda vil vere i strid med overordna føringar. For å sikre urørd natur i Gol er det viktig at desse omsynssonene blir vidareført. Det same gjeld for INON-område. Innspel kan bli justert dersom delar av innspelet er omfatta av omsynssone, slik at den delen av innspelet som er omfatta av omsynssona blir fjerna.

Landbruk:

Jamfør overordna føringar skal ikkje dyrka eller dyrkbar mark takast i bruk som byggeområde. Innspel som omfattar dyrka mark er difor teke bort. Dei overordna føringane seier også at det ikkje er ønske om å ta beitemark i bruk som byggeområde. Dette har gjennom planprogrammet vorte spesifisert til å gjelde innmarksbeite. Administrasjonen har difor vald å ta bort innspela som ligg innanfor område som i NIBIO sitt kartgrunnlag er registrert som innmarksbeite.

Innspel kan bli justert dersom berre delar av området omfattar dyrka mark eller innmarksbeite. Det betyr at den delen av innspelet som omfattar dyrka mark eller innmarksbeite blir fjerna, medan resten av innspelet kan gå vidare til konsekvensutgreiing.

Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

Det skal utarbeidast ROS-analyse og resten av innspela skal konsekvensutgreiast.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje relevant.

Vurdering:

Gjennom grovsilinga har det vorte utført ein slags mini-konsekvensutgreiing, der alle innspel har vorte gjennomgått og undersøkt. Enkelte innspel er i strid med overordna føringar, og har dermed ikkje behov for konsekvensutgreiing. Andre innspel er berre delvis i strid med overordna føringar, og kan reduserast slik at dei ikkje er i strid med overordna føringar. Resten av innspelet kan då bli konsekvensutgreidd.

Administrasjonen tilrår å fjerne innspela under. Desse blir ikkje med vidare i kommuneplanprosessen, og blir heller ikkje konsekvensutgreidd:

- Vermeli, 31/7
- Auenhauglie, 25/367 B
- Auenhauglie, 25/367 A
- Auenhauglie, 37/28
- Skrøyvestølane – F2
- Einarset 24/9
- Storefjellstølen, 24/46 nr. 1
- Skutuset, 24/46 nr. 2
- Kamben, 12/1
- Ørterstølen, 13/3
- Vardhovd-Nystølfjellet, 4/136
- Habbeset, 20/8 og 20/9
- Narveset (fl. gbnr.)
- Urdevollen, 1/13

Enkelte innspel er delvis i strid med overordna føringar, for eksempel at delar av innspelet ligg innanfor markagrensa eller liknande. Desse innspela bør reduserast. Administrasjonen tilrår å redusere innspela under. Delar av desse innspela som er i strid med overordna føringar blir ikkje med vidare i kommuneplanprosessen, og blir heller ikkje konsekvensutgreidd:

- Delar av innspel for Lauvsjø, 35/12
- Delar av innspel for Auenhauglie 27/25
- Delar av innspel for Bualie, 13/20, område C
- Delar av innspel for Guriset, 13/265 fritid
- Delar av innspel for Oset, 23/11
- Delar av Furuhyttremmen, 13/17
- Delar av innspel for Rauddalen (fl. gbnr.)

Under er ein kort grunngjevnad for kvifor administrasjonen tilrår å fjerne eller redusere innspela. Nøyare forklaring finn ein i dokumentet «Grovsiling innspel», og fleire kart kan ein finne i dokumentet «Kartgrunnlag frå NIBIO over bortsilte innspel». Under punktet «Dagens føremål KP/RP» er kommuneplanføremål nemnd framfor skråstreken medan reguleringsføremål er nemnd bak skråstreken.

Innspel som administrasjonen tilrår å fjerne:

Vermeli, gnr. 31, bnr. 7	
Dagens føremål KP/RP:	LNF/uregulert
Omsøkt føremål:	Fritid
Grunn for avslag:	I NIBIO sitt kart er området registrert som innmarksbeite. Det ligg også eit automatisk freda kulturminne innanfor området. Innspelet er fjerna grunna innmarksbeite.
Auenhauglie, gnr. 25, bnr. 367 B	
Dagens føremål KP/RP:	LNF/LNF
Omsøkt føremål:	Fritid
Grunn for avslag:	Innspelet er fjerna då utviding av eksisterande felt utan å etablere fleire einingar er det motsette av fortetting. Kommunen ønskjer fleire einingar innanfor mindre område, ikkje færre einingar over større område.
Auenhauglie, gnr. 25, bnr. 367 A	
Dagens føremål KP/RP:	LNF/LNF
Omsøkt føremål:	Fritid
Grunn for avslag:	Innspelet er fjerna då utviding av eksisterande felt utan å etablere fleire einingar er det motsette av fortetting. Kommunen ønskjer fleire einingar innanfor mindre område, ikkje færre einingar over større område.
Auenhauglie, gnr. 37, bnr. 28	
Dagens føremål KP/RP:	LNF, spreidd fritidsbusetnad/LNF
Omsøkt føremål:	Fritidsbustader
Grunn for avslag:	Innspelet er fjerna grunna innmarksbeite.
Skrøyvestølane, F2	
Dagens føremål KP/RP:	Framtidig LNF, spreidd fritidsbusetnad/uregulert
Omsøkt føremål:	Justere grenser for F2 og omsynssone
Grunn for avslag:	I strid med omsynssone friluftsliv/bevaring naturmiljø (H530 og 560).
Einarset, gnr. 24, bnr. 9	
Dagens føremål KP/RP:	LNF/uregulert
Omsøkt føremål:	Fritidsbustader
Grunn for avslag:	I strid med markagrense og buffersone til INON.
Storefjellstølen, gnr. 24, bnr. 46, innspel nr. 1	
Dagens føremål KP/RP:	LNF/uregulert
Omsøkt føremål:	Fritidsbustader
Grunn for avslag:	I strid med markagrense, buffersone til INON, dyrka mark og innmarksbeite.
Skutuset, gnr. 24, bnr. 46, innspel nr. 2	
Dagens føremål KP/RP:	LNF/uregulert
Omsøkt føremål:	Fritidsbustader
Grunn for avslag:	Godkjent for nydyrking i 2017. Dermed i strid med dyrka mark.
Kamben, gnr. 12, bnr. 1	
Dagens føremål KP/RP:	Framtidig idrettsanlegg/alpinområde
Omsøkt føremål:	Fritidsbustader
Grunn for avslag:	I strid med markagrense. Området er også regulert til alpinområde.
Ørterstølen, gnr. 13, bnr. 3	
Dagens føremål KP/RP:	LNF/uregulert
Omsøkt føremål:	Fritidsbustader
Grunn for avslag:	I strid med omsynssone friluftsliv/bevaring naturmiljø og buffersone INON. Ligg mange automatisk freda kulturminne innanfor området.
Vardhovd-Nystølfjellet, gnr. 4, bnr. 136	
Dagens føremål KP/RP:	LNF/uregulert

Omsøkt føremål:	Fritidsbustader
Grunn for avslag:	Strid med omsynssone friluftsliv/bevaring naturmiljø og buffersone INON.
Habbeset, gnr. 20, bnr. 8 og 9	
Dagens føremål KP/RP:	LNF spreidd fritidsbusetnad/fritidsbustader og LNF
Omsøkt føremål:	Fritidsbustader
Grunn for avslag:	I strid med markagrensa.
Narveset, (fl. gbnr.)	
Dagens føremål KP/RP:	LNF/LNF
Omsøkt føremål:	Fritidsbustader
Grunn for avslag:	I strid med markagrensa.
Urdevollen, gnr. 1, bnr. 13	
Dagens føremål KP/RP:	LNF/uregulert
Omsøkt føremål:	Fritidsbustader
Grunn for avslag:	Innspel fjerna grunna stølsvoll og innmarksbeite.

Innspel som administrasjonen tilrår å redusere:

Delar av Lauvsjø, gnr. 35, bnr. 12	
Dagens føremål KP/RP:	LNF/LNF
Omsøkt føremål:	Fritidsbustader
Grunn for avslag:	Avslag for del av området som er i strid med omsynssone friluftsliv/bevaring naturmiljø.
Delar av Auenhauglie, gnr. 27, bnr. 25	
Dagens føremål KP/RP:	LNF/LNF spreidd fritidsbusetnad
Omsøkt føremål:	Fritidsbustader
Grunn for avslag:	Avslag for del av området som er i strid med markagrensa.
Delar av Bualie, gnr. 13, bnr. 20, område C	
Dagens føremål KP/RP:	LNF og framtidig idrettsanlegg/LNF og uregulert
Omsøkt føremål:	Fritidsbustader
Grunn for avslag:	Avslag for del av området som er i strid med markagrensa.
Delar av Guriset, 13/265 fritid	
Dagens føremål KP/RP:	LNF/uregulert
Omsøkt føremål:	Fritidsbustader
Grunn for avslag:	Avslag for del av området som er i strid med markagrensa.
Delar av Oset, gnr. 23, bnr. 11	
Dagens føremål KP/RP:	LNF/uregulert
Omsøkt føremål:	Fritidsbustader
Grunn for avslag:	Avslag for del av området som er i strid med omsynssone friluftsliv/bevaring naturmiljø.
Delar av Furuhyttremmen, gnr. 13, bnr. 17	
Dagens føremål KP/RP:	LNF/uregulert
Omsøkt føremål:	Fritidsbustader
Grunn for avslag:	Avslag for del av området som er i strid med buffersone INON.
Delar av Rauddalen (fl. gbnr.)	
Dagens føremål KP/RP:	LNF/uregulert
Omsøkt føremål:	Fritidsbustader
Grunn for avslag:	Avslag for del av området som er i strid med omsynssone friluftsliv/bevaring naturmiljø og buffersone INON.

Konklusjon:

Etter at alle innspel er gjennomgått vurderer administrasjonen at dei nemnde innspela i saken er i strid eller delvis i strid med overordna føringar vedteke av formannskapet 17.01.2019. Innspel som er delvis i strid med overordna føringar kan reduserast til ikkje å vere i strid, medan innspel som er heilt i strid med overordna føringar bør takast ut av planarbeidet og ikkje konsekvensutgreiast. Alle andre innspel vil bli konsekvensutgreidd som eit ledd vidare i planprosessen. For dei innspela det står «delar av» framfor innspelet vil den delen av innspelet som er i strid med overordna føringar ikkje bli konsekvensutgreidd.

Administrasjonen ber formannskapet om å vurdere om dei fem forseintkomne innspela skal vurderast saman med dei andre innspela, eller om dei skal forkastast grunna tidsfristen. Tidsspennet på dei forseintkomne innspela er frå 12. juni til 10. oktober. Dei fem innspela er ikkje i strid med overordna føringar, og er i grovsilingsdokumentet tilrådd konsekvensutgreidd dersom innspela ikkje skal forkastast fordi dei kom etter fristen.

Rådmannen si innstilling:

I

Følgjande innspel er i strid med overordna føringar og blir ikkje konsekvensutgreidd:

- Vermeli, 31/7
- Auenhauglie, 25/367 B
- Auenhauglie, 25/367 A
- Auenhauglie, 37/28
- Skrøyvestølane – F2
- Einarset 24/9
- Storefjellstølen, 24/46 nr. 1
- Skutuset, 24/46 nr. 2
- Kamben, 12/1
- Ørterstølen, 13/3
- Vardhovd-Nystølfjellet, 4/136
- Habbeset, 20/8 og 20/9
- Narveset (fl. gbnr.)
- Urdevollen, 1/13

II

Del av følgjande innspel som er i strid med overordna føringar blir ikkje konsekvensutgreidd:

- Lauvsjø, 35/12
- Auenhauglie, 27/25
- Bualie, 13/20, område C
- Guriset, 13/265 fritid
- Oset, gnr. 23, bnr. 11
- Furuhyttremmen, gnr. 13, bnr. 17, område 1
- Rauddalen (fl. gbnr.)

III

Resterande innspel er ikkje i strid med overordna føringar og blir med vidare til konsekvensutgreiing. Dette gjeld også delane av innspela i punkt II som ikkje er i strid med overordna føringar.

IV

Arealinnspel til kommuneplanens arealdel som kjem inn etter dato for dette vedtaket blir automatisk avslått av administrasjonen med bakgrunn i at fristen for innspel er ute.

Hanne Cecilie Nes
Avdelingsleiar

Svein Eide
Kommunalsjef

15.10.2019